

RyRekrutt

Me inviterer dykk til å delta på RyRekrutt, eit arrangement der ungdommar får høve til å bli betre kjent med arbeidslivet i Ryfylke. Me oppfordrar alle bedrifter til å senda ung energi som treffer målgruppa til deltakarane (18-25 år) så godt som mogleg! I påmeldingspakken til bedrifter er det tatt høve til mat til inntil 4 personar, så me anbefalar at det står mellom 2-4 personar. Maten blir servert frå bodar, og du kan sjølv velja om du vil setja deg ved bordene å eta, eller ta maten med og mingla vidare.

Program:

- **10:00 - 12:00** – Rigging
- **16:00 - 17:00** – Opplegg for bedrifter v/ Veronica Simoné Fjeld
- **17:30 - 19:30** – Standane er opne
- **17:45 - 18:45**– Intervjuar av bedrifter på scenav/ Veronica Simoné Fjeld
- **18:00** – Bar opnar
- **19:00** – Matsservering
- **19:30** – Nedrigging av stand
- **19:45 - 20:15** – Quiz v/ Veronica Simoné Fjeld
- **20:30 - 23:00** – Konsert og fest med Tøfl og Isah

Praktisk info! Bedriftene må vera til stades på Fiskepiren frå kl. 16:00 til 19:30. Etter dette kan de rigga ned og reisa heim, men me oppmodar dykk til å bli verande for konsertane og vera med på ein hyggeleg kveld!

Maten blir servert frå bodar, det blir sitjeplassar i lokalet der du kan eta etter at standane er stengt, eller så kan du ta maten i handa og gå å mingla.

For å gjera standane dykkar mest mogleg interessante, oppmodar me til å:

- Ta med informasjon om stillingar de ynskjer å rekruttera til.
- Informera om relevant utdanning for framtidige arbeidstakarar.
- Presentera komande prosjekt og moglegheiter i bedrifta.
- Vera kreative! Gjera standen innbydande og engasjerande for ungdommane.

Alle standane er like, dei blir ca. 2 meter breie og 2 meter høge og dei inneheld:

1 ståbord

1 konferansebord

2 barkrakkar

Dokke vil også få tilgang til straum om det trengst:)

Dette er ei fantastisk moglegheit til å visa fram bedrifta dykkar, treffa framtidias arbeidskraft og skapa gode relasjonar i eit uformelt og inspirerande miljø.

Me gler oss til å sjå dykk på RyRekrutt!

Viss du har nokon spørsmål så berre ta kontakt med andrea@ryfylkeiks.no eller 94896877